



Sund Sokneblad

Nr. 2

25. april 2018

Årg. 87

4-åringane får bibelbok



Utdeling av 4-årsboka til 4-åringane i Sund er ei årleg hending. I år var det søndag 11. februar som var sett av. Mange 4-åringar kom til Kausland kyrkje saman med foreldra sine.

side 4


Edvard Hoem på frivilligefest

Forfattere Edvard Hoem var gjest på festen for dei frivillige i kyrkjelyden i Sund. Mange hadde nytta høvet til å høyra Hoem og smaka god lapskaus.

side 5

Årsmelding

Årsmeldinga for Sund Sokneråd finn du på sidene i midten av bladet. Sjølv om årsmøtet har vore når bladet kjem ut, ser vi det som viktig at alle kan få høve til å lesa korleis arbeidet gjekk i 2017.

Kor-konsert

Sund Blandakor hadde fått med seg Osternes Mannskor og Sangkompaniet og baud inn til ein vårkonsert i Sund kyrkje i midten av mars.

side 17

Åpne Dører

Den tverrkyrkjelege misjonsorganisasjonen «Åpne Dører» var på besøk i Sund kyrkje i mars og fortalde om forfylgning av kristne rundt om i verda.

sistesida

Pastoralt perspektiv

Er det nødvendig å gå til gudsteneste?

Eg blir ikkje overraska om mange svarer NEI på dette spørsmålet. For årsstatistikken for 2017 viser jo at fleire og fleire nettopp prioriterer bort gudstenesta! Dette må vi sjølvsagt forhalda oss til i respekt for kvar enkelt sine val og prioriteringar.

Men samstundes bør følgjande spørsmål stillast og belysast: Kvifor går vi *eigentleg* til gudsteneste?

Våre behov kan nok vera ulike frå søndag til søndag. Men strengt tatt går vi til gudsteneste først og fremst for GUDS skuld! Han, den allmechtige og heilage skal ha takk og ære! Difor samlast vi og syng: «Ære vere Gud i det høgste...»

Men så går vi også til gudsteneste for KYRKJELYDENS skuld! «Lat oss ikkje halda oss borte når forsamlinga vår kjem saman» - står det i Hebr 10,25.

Vi treng kvarandre på så mange måtar! Ja, ordet «kvarandre» er eit svært sentralt og mykje brukt ord i Det nye testamentet, noko som tyder på at Gud vil byggja si kyrkje også på denne dimensjonen. Og han utrustar og deler ut sine nådegåver til kvar enkelt av oss – nettopp fordi vi skal byggja opp kyrkjelyden gjennom å koma saman og fylla vår tiltenkte plass og oppgåve.

Og så går vi sjølvsagt også til gudsteneste for VÅR skuld! For Den heilage Ande brukar nettopp Kyrkja som verkstad, og Ord og sakrament som verktøy når han skaper *tru* i oss mennesker. Og dette skjer på *tross* av feil og mangler i Kyrkja og kyrkjelyden! Det betyr ikkje at våre feil skal kostast inn under teppet. Men gudstenesta er så mykje *større* enn alt dette! Den gir oss høve til å æra Gud, styrkja kvarandre og få flombelyst Jesus - så vi kan ta imot han i tru.

Dermed vågar eg følgjande påstand: Dersom *trua* er viktig for oss – skulle også *gudstenesta* vera det! For i gudstenesta set Gud oss istand til å tru. Og i gudstenesta serverer han oss næring for trua – så den ikkje visnar og tørkar ut.

Og det forunderlege er at dette skjer også når presten har ein dårleg dag og fellesskapet ikkje fungerer optimalt!

Difor må Kyrkja ofte vera «kjerringa mot straumen» og seia: Gudsteneste er livsviktig! Og dette seier ikkje Kyrkja på vegne av seg sjølv, men på vegne av GUD.

Difor må Kyrkja heile tida vera nøye med å seia det HAN seier! Det er GUDS ORD du har krav på å få høyra – når du går til gudsteneste...

Kjell-Asle Børnes

Velkommen til gudsteneste

29. april – 5. søndag i påsketida – Luk 13,18-21

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Amatheia

06. mai – 6. søndag i påsketida – Matt 7,7-12

SUND kyrkje kl 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste v/K.A.Børnes og Dag R.Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet
Song: Vivian Steinsland m/Band

SUND kyrkje kl 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste v/K.A.Børnes og Dag R.Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet
Song: Vivian Steinsland m/Band

10. mai – Kristi himmelfartsdag – Luk 24,46-53

TELAVÅG bedehus kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland. Nattverd. Takkoffer: Bedehuset

12. mai – Lørdag – Joh 3,16-21

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet. *Song: Vivian Steinsland m/Band*

KAUSLAND kyrkje kl 13:00 Konfirmasjonsgudsteneste v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet. *Song: Vivian Steinsland m/Band*

13. mai – Søndag før pinse – Joh 3,16-21

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Konfirmasjonsgudsteneste v/K.A.Børnes og Dag R. Pettersen. Takkoffer: Trusopplæringsarbeidet. *Song: Vivian Steinsland m/Band*

17. mai – Grunnlovsdag – Matt 22,17-22

SUND kyrkje kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes
Takkoffer: KIA. *Musikk: Pavel Girunyan (klarinet)*

KAUSLAND kyrkje kl 12:30 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes
Takkoffer: KIA. *Musikk: Pavel Girunyan (klarinet)*

20. mai – Pinsedag – Joh 14,15-21

SUND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes
Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Liberia. *Musikk: Diltumar Ehet (fiolin)*

21. mai – 2. pinsedag – Joh 14,15-21

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Høgtidsgudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydens misjonsprosjekt i Liberia. *Musikk: Diltumar Ehet (fiolin)*

27. mai – Treeiningssøndag – Luk 10,21-24

SUND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Godtfred Haugland.
Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kirkens Bymisjon. *Song: Sund Blandakor*
SØNDAGSSKULE!

03. juni – 2. søndag i treeiningstida – Gal 3,23-29

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
Dåp og Nattverd. Takkoffer: Den indre sjømannsmisjon
Song: Sangkompaniet

10. juni – 3. søndag i treeiningstida – Joh 1,35-51

TYSSØY v/kyrkjesteinane kl 11:00 Familiegudsteneste v/Kjell-Asle Børnes. Dåp
Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet
Musikk: Sund Brass

17. juni – 4. søndag i treeiningstida – Matt 16,24-27

KAUSLAND kyrkje kl 11:00 Gudsteneste v/Kjell-Asle Børnes.
Dåp og Nattverd. Takkoffer: Kyrkjelydsarbeidet

Samanslåing av dei kyrkjelege fellestråda

Arbeidet med leggja grunnlaget for samanslåinga er i full gong. Det er imidlertid ei stor utfordring at kommunal fellesnemnd som skal dekke kostnaden med samanslåinga av dei kyrkjelege fellestråda, ikkje har løyvd tilstrekkeleg med midlar. Løyvde midlar dekker ikkje grunnkostnaden med samanslåinga.

Samanslåingsarbeidet går sin gang sjølv om det ikkje er tilstrekkeleg økonomisk grunnlag for arbeidet. Det er ikkje meir enn tid og veg fram til våren 2019 då alt må vere ferdig planlagt. Utpå våren 2019 må arbeidet starta med å implementere det som er tenkt av løysingar for framtida. I 2019 er det både kyrkjeval og kommuneval samstundes som kommunane og dei kyrkjelege fellestråda skal slå seg saman. Gjennomføring av kyrkjevalet krev også ressursar og det er viktig å ikkje kome på etterskot når det gjeld samanslåinga. Difor er det viktig å ha god styring på alle prosessar og planlegge godt i god tid.

Medverknad er eit stikkord. I desse dagar startar ein opp arbeid i 8 temagrupper. Gruppene er samansett av medarbeidarar frå Fjell, Sund og Øygarden. Prestane er også med. Arbeidsgruppene er delt opp slik:

Kyrkjer, gravferd og gravplassar, kyrkjemusikk, trusopplæring/samarbeid skule, tweens/konfirmantar/



Samanslåing av fellestråd: Gruppeleiarar og gruppesekretærar samla til oppstartsmøte i Fjell kyrkje torsdag 8. mars. Det er oppretta 8 arbeidsgrupper som skal sjå på det ein har og det ein har behov for når ein ny organisasjon skal byggjast. Arbeidsgruppene er sett saman av tilsette frå Fjell, Sund og Øygarden.

ungdom, diakoni, kultur, administrasjon.

Arbeidsgruppene skal levere sitt arbeid til prosjektleiar innan 1.10.2018. Arbeidsgruppene skal sjå på organisering, planar, økonomi, IT-system, lokalisering, reglar og rutinar.

Det er vert også dialog mot sokneråda i høve gudstenestelivet og korleis framtida kan organiserast slik at ein tek i vare det som er kyrkja sitt oppdrag.

Du finn informasjon om arbeidet her:

www.kyrkja.no/nyeoygarden

Olav Martin Vik
prosjektleiar

Temakveld

Foldnes kyrkje

Torsdag 19. april kl. 19.00

Tema: Menneskeverd

Morten Magelsen: Lege og forskar ved senter for medisinsk etikk ved Universitetet i Oslo

Tema: Etikk på liv og død. Dilemma ved livets begynnelse og slutt

Åsta Årøen: Jurist og politiker. Daglig leder Årstad menighet

Tema: Et annerledes liv har også verdi

Åsta Årøen mottok livsvernprisen i 2018 sammen med Siri Fuglem Berg og Anna Solberg for sin innsats for de såkalte trisomibarna.

Enkel servering - Musikk
Velkomne

Føremiddagstreffa

Føremiddagstreffa held fram utover våren, og som vanleg er det først ein felles lunsj og deretter ein gjest som snakkar om eit tema. Vel møtt til alle som har høve å koma på dette tidspunktet.

25.04 Kausland kyrkjelydshus kl. 11.30

Gjest: Annbjørg Barane

Tema: Ord om ord

30.05 Kyrkjekjellaren kl. 11.30

Gjest: Odd Bjarne Skogestad

Tema: Israelsmisjonen i fortid og nåtid

Onsdagstreffa

Første onsdagen i månaden er det treff i **Aktivitetssenteret** i Skogsskiftet. Onsdagstreffa tek til **kl. 11.00**.

onsdagstreffa på desse datoane:

Onsdag 2. mai

Onsdag 6. juni

Vidare utover våren blir

Kyrkjeskyss - Indre Sund

Kontaktperson: Arne Dävøy - tlf. 56 33 94 27



Mange 4-åringar hadde come til Kausland kyrkje då dei skulle få «Bibelboka mi».

Bok til 4-åringane

Utdeling av 4-årsboka til 4-åringane i Sund er ei årleg hending. I år var det søndag 11. februar som var sett av. Mange 4-åringar kom til Kausland kyrkje saman med foreldra sine denne dagen.

Etter barnedåpen stod utdeling av «Bibelboka mi» for tur. Først fortalde Hildegunn B. Myklebust litt om boka. Ho var det òg som delte ut boka etter at alle 4-åringane hadde stilt seg opp framfor altaret. Det var ein heil flokk som kunne vifta med dei nye bøkene sine.

Så kunne ein syngja songar som stod i boka, og Stjernekorset var òg med, både som forsongarar og med eigne songar.

Då Kjell-Asle Børnes skulle halde preika si tok han like godt på seg ein redningsvest. Han skulle nemleg fortelja om ein båttur, og då er det viktig å ha på redningsvest. Og så er det viktig å ha Jesus med, fortalde han, og Jesus vil vera med oss.

Olai Otterå

Det var Hildegunn B. Myklebust som delte ut bøkene til borna.





Tre fullsette langbord måtte til for å få plass til alle dei frilillige. Her er Edvard Hoem til høgre medan soknerådsleiar Brynhild Enerhaug og kyrkjevevjerje Olav Martin Vik sit på andre sida av bordet.



Edvard Hoem snakka om dei fire utvandr-arbøkene sine.

Frivilligefest med Edvard Hoem

Onsdag 7. mars vart det laga til fest for alle dei frivillige i kyrkjelyden i Sund. Tre fulle langbord i kyrkjekjellaren viser at det er mange som er med på frivillig arbeid i kyrkjelyden.

Så hadde ein fått eit skikkeleg trekplaster til denne kvelden. Ingen ringare enn Edvard Hoem var hanka inn, og det var dei fire bøkene om slekta hans, der mange reiste til Amerika, som stod på programmet hans.

Då han skulle starta arbeidet med bøkene, hadde han berre historiar som faren hadde fortalt då Edvard var liten. I vaksen alder lånte han 350.000 kr og reiste til Amerika, for han hadde høyrte rykte om at det fanst ein gravstein der med hans namn på. Etter kvart har han vore mange turar over havet for å finna meir ut om slekta si.

Men då han skulle byrja å skriva, vart han teatersjef i Molde. Seinare jobba han i 9 år med å skriva om Bjørnstjerne Bjørnson - for å tene pengar, som han sa.

Etter kvart kom han i gong med skrivinga om ætta si, og til no har det blitt fire bøker, og kanskje kjem det fleire. Edvard Hoem las utdrag frå fleire av bøkene.

Ein del av dei frillige hadde kanskje kome til denne festen for å høyra Edvard Hoem. Men dette var ikkje det einaste

som stod på programmet. God lapskaus med etterfølgjande kaffi og kake høyrer med på desse festane som staben på kyrkjekontoret lagar til kvart år.

Også i år var ordførar Kari-Anne Landro til stades og kom med ei helsing frå kommunen. Soknerådsleiar Brynhild Enerhaug bar fram helsing og takk frå Soknerådet. Og vi skal ikkje gløyma fin song av Merete Haukeland med tonefylgje av Jan Terje Haukeland.

Kvelden vart avslutta oppe i kyrkja med ei kort andaktstund ved Kjell-Asle Børnes.

Olai Otterå



Merete Haukeland song.



Til slutt var det ingenting att av kaka.

Lovsingskveld

i Sund kyrkje
søndag 29. april
kl. 18.00

Gjest:
Jarle Waldemar



Bli med på klubb

Betweenklubben

(er frå 4. klasse og oppover):

i **Kyrkjekjellaren**, Sund kyrkje frå
klokka 17.30 til 19.30.

Vi møtest siste gong før sommaren:
15. mai

Vi leikar, har ulike aktivitetar, lærer
frå Bibelen, et kvelds saman.

Du og venene dine er velkomne!

Bli med på kor

Vi har to kor som øver i Sund kyrkje
annankvar tysdag.

Stjerneketret

er for deg som er mellom 4-9 år.
Vi møtes frå klokka 17.30 - 18.30.

Betweenketret

er for deg som går i 4. klasse og
oppover. Vi øver frå 18.30 til 19.30.

Begge kora øver:
15. og 29. mai

Den Heilage Ande på hybel?

Like før pinse fekk læresveinane beskjed om å venta på Den heilage ande (DHA).

Men etter at DHA vart gitt på den aller første pinsedagen, er det vel ofte slik at det er DHA som må venta på OSS!

Eg, for min del, syns ofte det går tregt både med trua og kristenlivet mitt.

Men har eg tenkt på at dette bl.a. skuldast manglande plass for DHA?

Kanskje det er slik at DHA må ta til takke med ein liten kvist-hybel i mitt hjarte og liv?

Gjennom bibel og bøn, og i fellesskapet og nattverden bles DHA ekstra sterkt!

Men ofte er eg heilt andre stader i min travelhet og i min iver etter å utretta ting for Gud.

Dårleg strategi! – seier DHA, og minner meg om at eg ofte er som ein kraft-stasjon utan fossekraft, og ei vindmølle utan vind...

Korleis det er hos deg, veit du best sjølv. Men uansett har vi vel alle mykje å gå på når det gjeld tildeling av plass og spelerom for DHA i våre liv.

Talsmannen DHA, har i oppgåve å læra oss og minna oss om alt det Jesus har sagt og gjort.

Hjelparen DHA, skal gje oss mot i vår motløshet, kraft i vår kraftløshet, og håp i vår håpløshet. Ja, DHA skal sørge for at Jesus er like nær oss som vinden vi kjenner mot ansiktet vårt.

Og vi treng verkeleg vind i segla for å få livsskuta vår og kyrkje-skuta vår i sig mot målet!

Og vi treng kraft og næring for å bera dei gode Andens frukter; som er: «Kjærleik, glede, fred, tolmot, mildskap, godleik, truskap, audmjukskap og sjølvdisiplin». (Gal 5,22-23)

Kort sagt: Utan DHA er vi som ein seil-båt utan vind, og eit frukttre utan rotfeste og tilgang på næring.

Måtte DHA difor få meir og meir rom hos oss og i oss!

Ja, måtte *Hjelparen* og *Trøystaren* få sleppa ut av hybel-tilværelsen, så vi vert «faste i trua, brennande i kjærleiken og frimodige i vona om det evige livet» - slik vi bed om i ei av bønene for pinsedagen. Dette er den tre-eininge Gud sitt *notidige* ønske for kvar enkelt av oss!

God pinse!

Kjell-Asle Børnes

Andakten

Du kan ringja **Kirkens SOS** heile døgeret, tlf. 22 40 00 40
Kirkens SOS teksttelefon for døve, tlf. 55 32 56 97

Sotra Omegn
BEGRAVELSESBYRÅ

- En del av Koba Christensen gruppen

Ditt begravelsesbyrå på Sotra.

Oppfølging og veiledning i en tung og vanskelig tid.

Vi dekker hele Fjell, Sund og Øygarden

TLF 56 32 08 90 hele døgnet
Skjenet 4, 5353 Straume
(samme hus som Ligningskontoret)

Bergen Omegn
BEGRAVELSESHJELP
POLDEN

- vi utfører alt det praktiske eller tilrettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv



Knut Helge Polden



Espen Polden



Heine Polden



Cathrine Polden Misje

Døgntelefon: 55 21 44 50 • mobil: 917 51 700
www.bergenogomegn.no

AVD. BERGEN
Teatergt. 20
5010 Bergen
Tlf: 55 21 44 50

AVD. SOTRA
2. etg på Shellstasjonen
Sartor, 5353 Straume
Tlf: 55 21 44 50



Konfirmasjonsgudstenestene 2018

SUND KYRKJE

Søndag 6. mai kl. 11.00

Adrian Eide-Kjøpstad
Ann-Iren Hatletun Andersen
Christoffer Nilsen Hermansen
Helene Hammersland
Ingeborg Karia Berge
Iselin Birkeland Nilsen
Kenneth Vedå Tollefsen
Maja Bredsten Sangolt
Mathias Nesse
Monika Yndestad Thon
Odin Ellertsen
Phillip Drange Revheim
Rasmus-Andrè Sangolt
Rikard Mikal Fredly Viksøy
Sandra Sleire Vedå
Teodor Stikholmen

SUND KYRKJE

Søndag 6. mai kl. 13.00

Daniel Slettebakken-Stensrud
Emil Forland
Emma Sofie Espeseth
Frida Marie Forland
Isak Alvar Nilsson
Kasper Morlandstø Magnussen
Lars André Vabø
Malin Kvam Andresen
Maria Pedersen Lokøy
Martin Forland Telle
Mia Helen Nipen Lauvik
Morgan Aursøy
Ruben Forland Rong
Silje Grostad Vilhelmsen
Tobias Hammersland Kleppevik
Vegard Kausland
William Menes Førde

KAUSLAND KYRKJE

Laurdag 12. mai kl. 11.00

Anne Mari Møller Nøttveit
Emanuel Kalunga
Erik Kristian Finsås
Helene Hagen
Julie Menes
Malin Baardsen
Malin Erichsen Solheim
Markus Eriksen Kallestad
Peder Samuelsen Lokøy
Sara Haugsøen
Sindre Gjertsen Unneland
Thea Sylte Glesnes
William Svellingen

KAUSLAND KYRKJE

Laurdag 12. mai kl. 13.00

Andrine Skjervheim
Cathrine Sagstad Aspevik
Elida Øvretveit Berge
Francisca Maria Trellevik
Hedda Fredheim Kleppe
Hedda Kausland
Jonas Langsrud Asphaug
Michelle Harkestad
Oda Kalgraff Aasheim
Pia Søvik Glesnes
Regine Glesnes Nesse
Thomas Iversen-Skoge

Siste **SØNDAGSSKULE**

før sommaren: **27. mai**
i kyrkjekjellaren i *Sund kyrkje*
klokka 11.15 til ca. 12.00.
(Gudstenesta byrjar klokka 11)
Barn i alle aldrar er velkomne.

KAUSLAND KYRKJE

Søndag 13. mai kl. 11.00

Caroline Kallestad Håkonsund
David Liland Kallestad
Emma Louise Tveit Aasen
Endre Horgen Toft
Fredrik Hellesø Baardsen
Henrik Espeseth
Magnus Eide Bildøy
Maria Gabriela Fjellanger Vardøy
Mathias Hagenes
Nichlas Kausland
Sara Selstø
Silje Nesse
Stine Eidesund Rebnord
Tage Alexander Evensen Møgster
Tobias Kristiansen Risholm



Jarle Waldemar

Jarle Waldemar på Lovsongskvelden

På Lovsongskvelden 29. april i Sund kyrkje klokka 18.00 får vi besøk av Jarle Waldemar som har andakt for oss og leiar oss i allsong. Det vert også song av Stjerne- og Betweenskoret.

Jarle Waldemar er kjend over heile kristen-Norge. Han har laga mykje song og musikk for barn, og han har eit hjarta for å formidla Jesus til dei. Han har gitt ut bøker, DVDar og har mykje god musikk på YouTube og Spotify.

Håpar mange vil koma og bli med på ein glad-kveld!

HAUSTTUR til INSTITUTT FOR SJELESORG

Modum Bad - 21. - 26. august 2018

Vi reiser med tog frå Bergen til Vikersund tur-retur.

Vi inviterer deg med på ein tur der fellesskapet står i sentrum. Det er ein stad som gir ro i sinnet og gode høve til å gå turar rett utanom døra.

Alle får egne rom med bad.

Det vil bli bibelundervising 2 av dagane, sosiale samvær på kveldane, ein dag på utflukt i nærområdet og svært god tid til å late deg om det er det du treng.

Turen kostar kr 7000,-. Då er alt medrekna: togbillett, drikke på toget, drosjeturen, utflukten, overnatting og all mat, undervising og kaffikos på kveldane.

Vi håpar du vil vere med oss.

Meld deg på innan 20. juni

til Ellen Ebbesvik, mobil 92442881,
eller til Hildegunn Børnes Myklebust, mobil 47707698

Turen er med Fjell, Sund og Øygarden kyrkjelyd.

Etter påmelding vil det bli sendt ut eit fullt program og giro for innbetaling.

Myldredag

- for heile familien -
besteforeldre også!

Kyrkjekjellaren i
Sund kyrkje!

Siste gong før sommaren:
8. mai

Kyrkjelydshuset på
Kausland!

Ingen fleire før sommaren.

Middag - bibelfortelling -
aktivitetar - fellesskap

klokka 17.00 - 19.00

Ta med familien og kom,
eller kom åleine.

Takk

Ei varm takk for omtanke, blomster, min-
negaver og deltagelse ved vår alles kjære
Arne Ingolf Harketstad sin bortgang.

Turid med familie

Nettside

Den norske kyrkja i Sund

Me har bygd opp ei nettside for kyrkjelydane i Sund.
Kyrkjeverja har det redaksjonelle ansvaret.
På nettsida finn du informasjon om verksemda og ein
kalender som viser aktivitetar.

www.kyrkja.no/sund

DITT LOKALE SENTER

- Det du treng - der du bur!



SUND APOTEK
Tlf. 56 33 88 80

SUND SOLSTUDIO



Tlf. 56 33 74 44



Tlf. 56 33 92 78



Tlf. 56 33 74 93



Tlf. 53 50 28 50 / 485 16 080



Tlf. 56 33 90 13



Tlf. 56 31 77 34



Tlf. 56 33 70 70

BRANSJE: INTERIØR OG TEKSTIL - BLOMSTER - DAGLEGVARER
FARGEHANDEL - FRISØR - BOKHANDEL - APOTEK
KAFETERIA - MINIBANK - POST I BUTIKK - SOLSTUDIO



Via INTERFLORA
formidlar vi blomstrar
i innland og utland.

Vi er fagutdanna og utfører alt
i binderi til fødsel, dåp,
konfirmasjon, bryllaup,
gebursdagar og gravferder -
og elles det du måtte ønska.

Plantar òg på gravstader
i Fjell og Sund.

Opningstider:

Måndag-onsdag: 9.00-18.00

Torsdag-fredag: 9.00-20.00

Laurdag: 9.00-16.00

Tlf.: 56 33 90 13

Faks: 56 33 93 01



Osternes mannskor frå Stord framførte ei rekke songar som alle hadde folketonar til melodi.

Fin vårkonsert i Sund kyrkje



Gjermund Mildestveit, organist i Sund i åra 1997-2006, var tilbake i Sund som akkompagnatør for Sund Blandakor og Sangkompaniet.

Då Sund Blandakor innbaud til kor-konsert i Sund kyrkje søndag 18. mars, kalla dei det ein vårkonsert. Våren let kanskje venta på seg, men ein fin konsert blei det.

I tillegg til Sund Blandakor kom Osternes mannskor frå Stord og kyrkjelyden sitt eige Sangkompaniet. Dei tre kora hadde litt ulikt repertoar. Medan Osternes mannskor konsentrerte seg om songar med folketonar til hadde Sund Blandakor songar som varierte mellom latin, engelsk og tysk, og Sangkompaniet song svenske songar.

Osternes mannskor er, som namnet seier, eit kor med berre menn. Men dei hadde gjerne med ei kvinne når dei opptreidde. Gurid Refvik har nemleg vore fast sopran i dette mannskolet dei siste 5-6 åra og var solist ved fleire høve denne kvelden, anten åleine eller saman med ein av mennene i

kolet.

Sund Blandakor song som nemnt songar på ulike språk. Til nokre av songane hadde dei tonefølge på flygel, og her hadde dei henta inn han som var kantor i Sund i åra 1997-2006, nemleg Gjermund Mildestveit (som i si tid starta Sangkompaniet). I åra etter Sund har han arbeidd som kantor i Fana, Skjold og Birkeland kyrkjelydar og arbeider no som pianolærar ved Bergen kulturskule.

Sangkompaniet er eit lite kor, og då nokre av medlemene var sjuke, hadde dei fått nokre til å hjelpa seg denne kvelden. Såleis kom dei vel igjennom to svenske songar. Elles opptreidde Sangkompaniet saman med Sund Blandakor på nokre songar, m.a. då konserten vart avslutta med Johannes Kleppevik sin song «Eg har ein engel».

Olai Otterå



Sund Blandakor stod som arrangør for konserten og hadde songar både på latin, engelsk og tysk.

Gjevartenesta i Sund kyrkjelyd:

Barne- og ungdomsarbeidet:

Kto.nr.: 3628.50.65156

Kyrkjelydsarbeidet:

Kto.nr.: 3470.44.67003

TRENG DU NOKON Å FORTELJE DET TIL?

Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no



SOS
22 40 00 40



SOS
CHAT



SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Vil du vere med?

Har du lyst å vere med som frivillig i Sund kyrkjelyd?

Har du eit ønske om å ta del i teamarbeidet rundt ei gudsteneste?

Når vi feirar gudsteneste i kyrkjelyden, er det ulike frivillige oppgåver du kan få vere med på:

klokkaroppgåver,
kyrkjevertoppgåver eller
kaffivertoppgåver.

Vi vil gjerne ha deg med!

Ta kontakt med diakonen vår, Hildegunn, så fortel ho deg meir om kva dei ulike oppgåvene går ut på.

Ho kan nåast på mobil
477 07 698 eller på e-post:
hildegunn.bornes@sund.kommune.no

PRESTETENESTA I SUND

Kontakt med prest måndag - fredag kl. 08.00 - 17.00: **922 18 817**

Utanom desse tidene kan ein ved akutt behov for presteneste som ikkje kan vente, bruke beredskapsordninga i prostiet (sjå nedanfor).

BEREDSKAPSORDNINGA I PROSTIET

I tidsrommet 17.00 - 08.00 på kvardagar, og i helgane/høgtidene frå kl. 08.00, er det alltid ein prest i beredskap i prostiet. Ved behov for teneste frå prest, tenester som ikkje kan vente (dødsbod, soknebod om døyande, sjelesorgstøtte i kritiske situasjonar), skal ein ta kontakt med vakthavande prest på: **954 83 655**

GRAVMONUMENTER

Egil Fosse

Kvile 17A

5379 Steinsland

Tlf.: 56332166 Mob.: 90669191

NAVNETILFØYELSER - OPPUSSING - REPR. FOR




KJØL STENINDUSTRI AS

6490 EIDE



Sund
Bok



SUND SENTER, 5382 SKOGSVÅG
TLF 56 31 77 34 - FAKS 56 33 95 87

Din lokale bokhandel

- Nær og nyttig -

Velkommen du òg!

Døypete**Sund kyrkje 4. februar**

Neah Sofie Grønnerud
Fjæreide
Klara Eline Boge Ougendal
Rikke Louise Ekren Linge

Kausland kyrkje 11. feb.

Ida Helene Brekke Trellevik

Kausland kyrkje 25. feb.

Thia Myklebust Bruvik

Sund kyrkje 4. mars

Olivia Atithiya Pedersen

Kausland kyrkje 11. mars

Amine Foldnes Vindenes
Aron Høgøy Øvretveit
Laurits Telle Lyngøy

Kausland kyrkje 25. mars

Tuva Hetland Selstø
Aksel Sangolt Dybvik

Kausland 2. april

Johannes Iversen Eide

Sund kyrkje 8. april

Jenny Arefjord Drønen

Gravlagde**Kausland kyrkje 2. februar**

Åshild Torunn Spilde, f. 1946

Kausland kyrkje 13. feb.

Ingunn Glesnes, f. 1931

Sund kyrkje 15. februar

Thomas Georg Grøhn, f. 1980
(bisetjing)

Sund kyrkje 21. februar

Ruth Hellesø Helgheim,
f. 1955 (seremoni Panorama)

Kausland kyrkje 8. mars

Ole Nilsen Midttveit, f. 1925

Sund kyrkje 9. mars

Konrad Elias Seievåg, f. 1930

Kausland kyrkje 14. mars

Gjertrud Teodora Bergitte
Toft, f. 1922

Kausland kyrkje 27. mars

Arne Ingolf Harketstad, f. 1935

Kausland kyrkje 10. april

Alf Martin Nilsen, f. 1947

**DEN NORSKE KYRKJA****Kyrkjekontoret i Sund**

Kontor og sentralbord oppe:

Tysdag og fredag kl. 09.00 - 14.00

Onsdag kl. 11.00 - 14.00

Telefon sentralbord:

56 31 90 80

E-post: kyrkjekontoret@sund.kommune.no

Nettside: www.kyrkja.no/sund

Besøksadresse: Kyrkjekjellaren, Sund kyrkje
Kyrkjevegen 30, 5378 Klokkarvik

Postadresse: Sund Sokneråd
Kyrkjevegen 30
5378 Klokkarvik

Administrasjon

Olav Martin Vik 93 26 44 00
kyrkjeveier

E-post: ov769@kyrkja.no

Tove Olene Foss Solvang 92 44 60 85
kontorleiar

E-post: tove.solvang@sund.kommune.no

Soknepresten

Kjell-Asle Børnes 48 00 26 97
sokneprest

E-post: kjell.asle.bornes@sund.kommune.no

Stab

Irina Tarasova 47 45 06 06
kantor (permisjon til juni)

E-post: irina_piano_84@mail.ru

Hildegunn Børnes Myklebust 47 70 76 98
diakonimedarbeidar

E-post: hildegunn.bornes@sund.kommune.no

Dag Reidmar Pettersen 47 70 79 52
trusopplærar

E-post: dag.pettersen@sund.kommune.no

Gunnar Langeland 47 71 66 93
kyrkjegardsarbeidar

Rolf Oksnes 90 36 75 47
kyrkjegardsarbeidar

E-post: rolfoksnes@hotmail.com

Sokneråd/fellesråd

Brynhild Enerhaug 90 08 00 96
soknerådsleiar

E-post: brynhild.enerhaug@bkkfiber.no

Samtale og sjelesorg

Sokneprest Kjell-Asle Børnes er glad for å bli kontakta for samtale. Det kan opplevast som ein høg terskel å ta kontakt, men det er berre å ta mot til seg og slå eit telefonnummer for å avtale tid og treffestad! Han har teieplikt om det som vert delt. Samtale/sjelesorg kan òg føre til skriftemål.

Det er òg ei prioritert oppgåve å gå med nattverd til dei som ikkje lenger kjem seg til kyrkje. Ver frimodig og ta kontakt!

Ynskje om dåp

Kyrkjekontoret får melding om fødselen for alle nyfødde born i Sund, dersom foreldra er medlemmer i kyrkjelyden vår. Då vert det sendt ei helsing til heimen frå kyrkjekontoret med orientering om dåp. Så kan foreldra ta kontakt og be om aktuelle datoar der det er gudstenester med høve for dåp. Ver ute i god tid! Alle som ber om dåp for barnet sitt vert inviterte til ei felles dåpssamtale i Sund kyrkje eller Kausland kyrkje, alt etter kva for ei kyrkje ein «soknar til».

Øg unge eller vaksne kan be om dåp. Då vert det individuelle samtalar med opplæring. For unge som ikkje er døypte vert konfirmasjonsførebuinga som eit opplæringsprogram som òg vert førebuing til dåpsdagen.

Solstrands
Begravelsesbyrå as

Vårt avdelingskontor på Sotra

Sartorgården, 2. etg, 5353 Straume

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

www.solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

VIRKE
GRAVFERD

Sund Sokneblad

Utgjevar: Sund Sokneråd

Adresse: Kyrkjevegen 30,
5378 Klokkarvik

Konto: 3000.15.98194

Kontingent: 250 kr pr. år

Redigering: Olai Otterå

Redaksjon:

Olai Otterå 928 93 057

E-post:


sund.sokneblad@bkkfiber.no

Trykk:

Bodoni AS, Straume



Opplag: 2.950



Kartet viser kvar det er mest forfølgning av kristne. Raud farge tyder mest forfølgning, deretter kjem område med oransje farge, og minst forfølgning er det i land med gul farge.


«Åpne Dører» om forfølgning av kristne

Den tverrkyrkjelege misjonsorganisasjonen «Åpne Dører» var på besøk i Sund kyrkje onsdag 14. mars. Stig Magne Heitmann fortalde om arbeidet til organisasjonen og korleis det står til med forfølgning rundt om i verda.

Verst er forfølginga i Nord-Korea. På dei neste plassane på denne lista kjem landa Afghanistan, Somalia, Sudan og Pakistan. Men land som Iran, Saudi-Arabia og Nigeria er òg land med mykje forfølgning.

I heile verda er det 215 millionar kristne som opplever forfølgning. Mange av desse er muslimar som har blitt kristne og som mange stader står i fare for å bli drept om dei held fast ved den kristne trua si. Likevel er det mange som trossar dette. Mange som har rømt frå heimlandet sitt reiser gjerne attende til landa sine for å få fleire til å bli kristne - heile tida med fare for sitt eige liv.

Heitmann fortalde eit bedehus på Fitjar der halvparten av forsamlinga var nye kristne frå ulike land. Særleg er det mange tidlegare muslimar frå Midt-Austen som kjem til tru på Jesus. Iran er det landet med høgast kyrkjevekst med Afghanistan på andre plass. Og midt i alt det fryktelege som skjer i Syria er det folk som finn lyset i Jesus.



Stig Magne Heitmann fortalde om kvar det er mest forfølgning av kristne.

Heitmann fortalde òg om to elevar på 7 og 10 år i Syria som var redde for å gå på skulen. Mora las då til dei ei salme frå Bibelen. Neste dag gjekk dei på skulen. Då dei kom heim att, spurde dei: «Kan vi lesa ein salme i dag òg?»

Dei forfølgde har følgjande ønske:

1. Be for oss og saman med oss
2. Fortel. Ikkje gløym oss.

Olai Otterå

Nattverden - gåvebordet i kyrkjelyden



- Syndarar som treng nåde bør samlast rundt nattverdsbordet, sa Kjell-Asle Børnes då han var gjesten på Føremiddagstreffet i februar.

- Nattverden er eit gåvebord som gjeld alle, ikkje eit premiebord for dei som kjenner seg verdige.

Jesus feira påskemåltidet slik det var for jødar - til minne om det som skjedde i Egypt då israelfolket skulle slakta eit lam og smøra blodet på dørstolpane for å sleppa fri. Men Jesus gjev påskemåltidet eit nytt innhald. Han plasserer seg sjølv i sentrum. «Eg går i døden for dykk. Mitt blod skal redde dykk.»

Oblaten som no blir gjeven i nattverden, er som eit pengestykke. Jesus gav livet sitt som løysepengar for oss. - Såleis er nattverden eit livsviktig måltid, sa Børnes.

Han viste òg til Joh 6 der Jesus seier: «Eg er livsens brød. ... Eg er det levande brødet som er kome ned frå himmelen. Den som et av dette brødet, skal leva til evig tid.» Jesus seier òg: «Dersom de ikkje et kroppen til Menneskesonen og drikk blodet hans, har de ikkje livet i dykk.»

- Vi kan aldri bli verdige, sa Kjell-Asle Børnes. - Vi må stola på Jesu innbyding. Vi må ikkje først få alt på stell. Då er det ingen nåde.

Olai Otterå

Neste utgåve av **Sund Sokneblad** kjem i veke 25

Stoff til bladet må vera i redaksjonen seinast 6. juni